Kjetil Dalland (i midten) er ny bassist i Vamp. Her frå ein konsert på Stord i sommar med gruppa Myle. Øystein Kloster (t.v.) og Roald Kaldestad.

Tysnesing blir Vamp-medlem

Kjetil Dalland og Bjørn Berge erstattar avhopparane i det populære bandet.

Vidar Hope vidar@sunnhordland.no

Publisert 22.10.2014 kl. 13.36. Oppdatert kl. 13.42.

Bjørn Berge (46) tek over som ny gitarist i Vamp. Det skriv Haugesunds Avis.

Før sommaren slutta gitarist Torbjørn Økland og bassist Carl Øyvind Apeland i gruppa. No skal Berge og tysnesingen Kjetil Dalland ta over. Dalland bur til dagleg i Tromsø og spelar mellom anna med Mari Boine, og ikkje minst den lokale gruppa Myle.

Den øvrige besetninga i gruppa er vokalist Jan Ingvar Toft, trommeslagar Odin Staveland og mister Vamp sjølv, Øyvind Staveland på diverse instrument.